



Kommunane i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kommunane i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunn-Karin Strømme Pettersen,

Dronning Sonjas skulepris 2019

Fylkesmannen i Vestland har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å nominere kandidatar frå Hordaland og Sogn og Fjordane til Dronning Sonjas skulepris. Prisen blir kvart år delt ut til ein skule som har utmerkt seg ved å praktisere likeverd og inkludering. Skulane kan vere frå heile grunnopplæringa. Nominasjon av skulane gjer gode skular synlege, og gjev skulane ei anerkjenning av deira arbeid.

Fylkesmannen ber med dette skuleeigarane i Hordaland og i Sogn og Fjordane gjere sine skular kjent med kriteria for prisen og oppmode dei om å lansere seg som kandidatar til prisen. Skuleleiinga i kommunane kan fremje aktuelle kandidatar blant grunnskulane, og tilsvarende frå fylkeskommunane når det gjeld aktuelle vidaregåande skular.

Kriteria for Dronning Sonjas skulepris

- Skulen arbeider langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert med elevane sitt læringsmiljø
- Skulen praktiserer likeverd og inkludering på ein slik måte at kvar enkelt elev opplever å bli verdsett i eit miljø som er prega av medverknad, trygghet og fellesskap
- Skulen er kjenneteikna ved positive relasjonar mellom elevane og dei tilsette, og elevane imellom, og ved eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Dronning Sonjas skulepris er ein prestisjefull pris som delast ut av Hennar Majestet Dronning Sonja på vinnarskulen 2. desember 2019. Vinnarskulen får eit diplom, kr. 250 000,- og eit kunstverk utforma av Hennar Majestet Dronning Sonja. Alle nominerte skular vil få eit diplom, som utmerking for at dei er valde som gode representantar frå fylka.

Korleis melde kandidatar

Utdanningsdirektoratet har laga eit skjema som skulane kan nytte når dei gjer greie for korleis dei arbeider med likeverd og inkludering. Det er mogleg å melde inn kandidatar frå tidlegare år. Skjema for nominasjon og meir informasjon om prisen finn ein på Utdanningsdirektoratet sine nettsider: <https://www.udir.no/dronningsonjasskolepris>

Skjema må skrivast ut og sendast inn til Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller som eit vedlegg til e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no Merk med *Dronning Sonjas skulepris 2019*.



Fylkesmannen i Vestland oppmodar skular/skuleeigarar til å sende inn forslag til kandidatar innan
16. august 2019.

Med helsing

Anne Hjermann (e.f)
utdanningsdirektør

Gunn-Karin Strømme Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent